

Hugs NRK programmet frå Skorpo i kveld, søndag 7. oktober kl. 20.05.

07.10.2018



Anja og Ole Kristoffer i tunet på Skorpo, klar for sendinga på NRK 1 i kveld kl.20.05

Alt er klart for NRK programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu frå Vågen på Skorpo. Programmet vert definert som norsk dokumentar og er nr. 5 i ein serie på 6 denne hausten. I omtalen vert det lagt vekt på gardsdrift med mjølkeproduksjon på ei øy utan samband og rutebåt. Det kan vera ei tung og vanskeleg drift, på grensa av det umogelege.

Programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu er inne i sin 17 sesong og har eit høgt sjåartal. Uskedalen.no har snakka med programleiaren, Arve Uglum. Målet er å koma tett på familien Anja og Ole Kristoffer og sønene Nikolai og Nils Rainer. Plassen ligg ikkje langt frå bygda Uskedalen, men utan samband og faste båtruter, kan ein til tider føla seg isolerte.



Anja i fullt utstyr for birøkt og produksjon av honning.

Fotografen Torje Bjellaas saman med programleiaren har dei fanga inn små og store detaljar. Filminga er gjort i tre omgangar, - vår, sommar og tidleg haust. Karl Heinz Brauman frå Tyskland, som har budd på plassen sidan

2006, er med på opptaket. Han er ein del av arbeidslivet og det sosiale livet i Vågen.

Med dette er det berre å gjera seg klar for NRK 1 programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu i kveld kl. 20.05. Programmet har ei sendetid på 40 minuttar. Alt frå kl. 06 i dag tidleg var det mogeleg å sjå sendinga på nettet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: NRK/Torje Bjellaas



Programmet har med opptak frå arbeidet Ole Kristoffer gjer som fartybyggjar.